

Trivselsreglar for Hognestad skule og SFO



Generelt:

1. I skuletida held me oss på skulen sitt område.
2. Me inviterer alle inn i leiken, og dersom det skjer noko dumt, tek me kontakt med vakta.
3. Alle som deltek i ein leik, må følgja reglane.
4. Ingen på skulen skal oppleva mobbing. Om du ser noko eller opplever noko, må du seia frå til ein vaksen.
5. Me bruker fine ord til og om kvarandre.
6. Me plukkar søppel og sorterer det dersom me finn noko.
7. Vakta har gul vest.

Bruk av utstyr i friminutta:

6. Utlån skjer frå TL-hytta i matfriminuttet.
7. Me tek vare på utstyret på skulen, og ryddar inn i skuret ca kl.11.50 kvar dag.
8. Sykkel, sparkesykkel eller liknande, skal ikkje nyttast på skulen sitt område i skuletida, og i SFO-tida berre etter avtale med SFO sitt personale.
9. I skuletida, mellom 8.00 og 16.00 er det berre skulen sine leiker som skal vera i skulegarden.
10. På UFO-dissene er me maks 4 om gongen.
11. Me bruker taubanen ein og ein.
12. Me sit ikkje på gelenderet ute eller inne.

Ballspel:

13. Fotballsparking skal føregå i ballbingen, eller på vegg på den sida av hallen der det ikkje er vindauge. Når ein har ball-leikar i skulegarden skal ein bruka plastball.
14. Fotball har fyrsteprioritet i ballbingen. TL kan arrangera aktivitetar her etter avtale.
15. Dersom ein ball hamnar på taket, skal ein gje beskjed til vakta.

Vinteraktivitetar:

16. Snøballkasting er berre lov i ballbingen, etter avtale. Ved snø har snøballkasting fyrsterett.
17. I akebakken (på haugen) venter me på tur. Me akar berre når det er nok snø. Vakta kan stoppa eller seia nei til aking på haugen når det er «isete» eller «sorpete».

Bruk av mobil og smartklokker:

18. Mobil og smartklokker kan vera med på skulen, men skal liggja avslått i sekken til skule/SFO-dagen er over.

Sanksjonar:

19. Dersom me ikkje følgjer reglane i friminuttet, kan læraren ringe heim, eller eleven må gå med vakta resten av friminutta. Av og til blir ein då sett til andre oppgåver. For andre sanksjonar, sjå overordna ordensreglement for grunnskulen i Time kommune, kapittel om sanksjonar.
20. Om eleven har framme mobil eller smartklokker, blir dei inndradd for resten av skuledagen. Føresette må koma og henta desse.

Ansvar:

21. Hognestad skule har, jfr overordna ordensreglar for grunnskulen i Time kommune, ikkje erstatningsansvar for mobilar/smartklokker som ligg i sekken til eleven.

